Frå gode idear til verdsleiande verksemder

Møre og Romsdal er eit av dei fremste næringsfylka i Noreg. Langs kysten finn vi verdsleiande verksemder innan maritim industri, fiskeri, havbruk, skipsbygging og teknologi. Desse næringane har gjennom generasjonar skapt arbeidsplassar, eksportinntekter og levande lokalsamfunn. Skal vi også ha eit sterkt næringsliv i framtida, må vi ikkje berre ta vare på verksemdene vi har, men også leggje til rette for at nye verksemder kan vekse fram og bli dei neste store eksportverksemdene våre.

Den nordiske konkurranseevnerapporten frå 2026 peikar på eit viktig problem: Norden, og spesielt Noreg, har sterke forskingsmiljø og høg kompetanse, men har utfordringar både med å utvikle gode idear, finansiere opp – og skape lønsame verksemder. Vi må bli betre til å byggje selskap som kan vekse frå ein liten gründerverksemd til ein internasjonal aktør.

Ein viktig del av løysinga er å få meir privat kapital inn i innovative verksemder. Mange oppstartsverksemder har behov for investeringar lenge før dei tener pengar, og vanlege banklån kan ikkje finansiere veksten på eiga hand. Noreg bør difor undersøkje nye ordningar som utløyser meir privat risikokapital, utan at staten tek over rolla til private investorar eller byggjer opp varige støtteordningar som held ulønsame verksemder kunstig i live.

Vi må også gjere det meir attraktivt for dyktige tilsette å vere med på å byggje nye selskap. I unge teknologiverksemder er det ofte vanskeleg å konkurrere med løningane til dei store, etablerte verksemdene.

Det er heller ikkje nok å sikre kapital i oppstartsfasen. Mange verksemder treng langt større investeringar når dei skal utvide produksjonen, utvikle nye produkt og etablere seg i internasjonale marknader. Vi må difor rette meir merksemd mot finansieringa av vekstverksemder, ikkje berre etableringa av nye føretak. Norske selskap som har dokumentert at teknologien eller forretningsmodellen fungerer, bør ha betre føresetnader for å hente kapital og vekse vidare i Noreg, framfor å måtte søkje seg til større utanlandske investormiljø.

Noreg må samstundes bli flinkare til å omsetje forsking til kommersiell verdiskaping. Vi bør gjere det enklare for forskarar og studentar å starte verksemder baserte på eigne oppfinningar, og sørgje for at kommersialisering ikkje stoppar opp i kompliserte avtalar, uklare rettar eller manglande finansiering.

Møre og Romsdal har særleg gode føresetnader for å lukkast med dette. Dei sterke industrimiljøa våre gir nye teknologiverksemder tilgang til kompetanse, leverandørar og potensielle kundar. Nye verksemder bør få høve til å teste og demonstrere teknologi i samarbeid med industrien, slik at vegen frå prototype til kommersielt produkt blir kortare.

Det offentlege kan også bidra som kunde. Ved å opne for fleire pilotprosjekt, funksjonsbaserte krav og konkurransar om nye løysingar kan det offentlege bidra til at innovativ teknologi blir testa og teken i bruk. Målet må vere betre løysingar og meir effektiv ressursbruk, ikkje å skjerme utvalde verksemder frå konkurranse.

Samtidig må vi føre ein politikk som gjer det attraktivt å investere og eige verksemder i Noreg. Vi må halde fram arbeidet for eit konkurransedyktig skattesystem og føreseielege reglar, men også diskutere meir målretta reformer som gjer det lettare å finansiere innovasjon, rekruttere kompetanse og byggje norske vekstverksemder.

Møre og Romsdal Unge Høgre meiner at framtidas næringspolitikk må handle om meir enn berre å gjere det enklare å starte verksemd. Vi må skape eit system der gode idear får kapital, kompetente menneske får insentiv til å vere med på å byggje selskap, og innovative verksemder får høve til å vekse internasjonalt. Slik kan vi utvikle nye eksportnæringar, skape attraktive arbeidsplassar og sikre at meir av framtidas verdiskaping skjer i Noreg.

Møre og Romsdal Unge Høgre vil:

- greie ut ei tidsavgrensa saminvesteringsordning der private investorar kan utløyse offentleg medfinansiering til innovative norske vekstverksemder, med krav om privat risikodeling og ei tydeleg utfasing av ordninga
- arbeide for betre skattereglar for tilsette som får aksjar eller opsjonar som del av lønna si i oppstarts- og vekstverksemder
- styrkje tilgangen på kapital til verksemder som går frå oppstart til skalering, og undersøkje tiltak som kan mobilisere fleire institusjonelle og private investorar til denne fasen
- gjere det enklare for forskarar og studentar å kommersialisere forskingsresultat
- leggje til rette for fleire pilotprosjekt der innovative verksemder kan teste ny teknologi i samarbeid med offentlege verksemder og etablerte industriverksemder
- utvikle offentlege innkjøp som i større grad opnar for innovative løysingar, mellom anna gjennom funksjonsbaserte konkurransar og moglegheiter for mindre leverandørar til å delta
- styrkje samarbeidet mellom etablerte industrimiljø, gründerar, investorar og forskingsinstitusjonar for å få fleire nye teknologiar ut i marknaden
- arbeide for at norsk næringspolitikk i større grad måler resultat gjennom produktivitetsvekst, kommersialisering og internasjonal skalering, ikkje berre talet på etablerte verksemder eller storleiken på offentlege løyvingar.